
Saksnr: 2020/77154-136
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		16.09.21

Tilråding oppnemning av representant til brukarutval HDS

Forslag til uttale

Fylkeseldrerådet tilrår at følgjande representant og vararepresentant vert vald til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Samandrag

Fylkeseldrerådet kan komme med ei tilråding til oppnemning av representant og vararepresentant til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS).

Bertil Søfteland
seksjonsleiar

Lotte Lynngård
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppnevning av representanter til brukarutvalget på HDS - for perioden 2022 - 2024
- 2 Til Fylkeseldrerådet_ Oppnevning av representanter til brukarutvalget på HDS
- 3 Retningslinjen for brukarutvalget HDS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) ønsker medverknad frå brukarar av deira tenester gjennom dialog og kunnskapsoverføring. HDS har sendt ein førespurnad til fylkeseldrerådet om dei vil nemne opp ein representant og ein vararepresentant til å delta i brukarutval for pasientar og pårørande for perioden 2022-2024.

Det er likevel fylkestinget som må oppnemne representantar jf. reglement for fylkestinget oppgåver punkt 2.4.6 Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.5.

Den politiske saka vil difor gå til valnemnda som vil innstille til fylkestinget.

Fylkeseldrerådet kan gi ei uttale med tilråding om kven dei ønsker.

Vedlagt er nærare om retningslinjer, mellom anna at representantane ikkje kan vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest. Det er òg viktig med omsyn til kjønnsbalanse, alderssamansetting, geografi, etnisk minoritet og at mindre synlege pasientgrupper vert ivareteken. For å kunne ivareta ønske om fornying og kontinuitet bør ein representant som hovudregel ikkje sitte meir enn i tre periodar samanhengande.

Vedlegget viser òg detaljert om prinsipp for brukarmedverknad og korleis ein jobbar i utvalet.

Vedtakskompetanse

Fylkeseldrerådet kan gi uttale til saker som andre fylkeskommunale organ legg fram, jf. reglement for medverknadsorgan punkt 2 a.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet kan gi tilråding om kven dei ønsker å oppnemne som representant og vararepresentant til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus.